

Rådmannens årsmelding

Skodje kommune

År 2018

Innhald

Om årsmeldinga:	3
Om rekneskapen:	3
Punkt i årsmeldinga i samsvar med kommunelova § 48 nr 5:	3
Likestilling og diskriminering:	3
Tilhøve som er viktige for å vurdere den økonomiske stillinga:	4
Den økonomiske situasjonen i Skodje kommune:	5
Premieavvikets innverknig på likviditeten:	6
Utvikling i lånegjeld i høve driftsinntekter:	6
Disposisjonsfond:	7
Utfordringar:	7
Hendingar etter balansedagen med betinga utfall:	8
Vesentlege avvik mellom budsjett og rekneskap	8
Investeringar:	12

Om årsmeldinga:

Etter kommunelova § 48 skal rådmannen legge fram årsmelding.

Årsmeldinga skal etter Forskrift om årsrekneskap og årsmelding (for kommunar og fylkeskommunar) § 10 3. ledd fremjast utan utgrunna opphald og innan 31. mars.

I § 48 nr 5 er det lista opp nokre punkt som årsmeldinga skal omtale.

I tillegg har Institutt for god kommunal rekneskapsskikk 22. januar 2018 fastsett standard for notar og årsmelding.

Denne årsmeldinga er meint å stette krava både i kommunelova og i standarden.

Om rekneskapen:

Kommunen fører rekneskapen sin etter eit finansielt orientert rekneskapssystem i tråd med forskrifter nedfelt i medhald av kommunelova. Kommunerekneskapen er arbeidskapitalorientert ettersom drifts- og investeringsrekneskapane viser all tilgang på og all bruk av midlar.

Arbeidskapitalen er lik differansen mellom omløpsmidlar og kortsiktig gjeld. Dette medfører at kommunerekneskapen seier noko om kommunen si evne til å dekke betalingsforpliktelsane på kort og lang sikt.

Eit underskot i ein kommunerekneskap fortel dermed at kommunen har fått ein ikkje tilsikta reduksjon i arbeidskapitalens kortsiktige del. Eit overskot dermed at kommunen har fått ein ikkje tilsikta auke i arbeidskapitalens kortsiktige del.

Det er i ein kommunerekneskap ikkje noko målsetting å bokføre store overskot. Ein kommune skal yte tenester til innbygarane og ta sikte på ein sunn kommuneøkonomi. Fokus må heile tida vere på å produsere dei rette tenestene til innbygarane på ein mest mogleg rasjonell måte.

Punkt i årsmeldinga i samsvar med kommunelova § 48 nr 5:

Likestilling og diskriminering:

Frå 2003 vart det innteke i kommunelova at ein i årsmeldinga skal gjere greie for likestilling.

- Personalpolitiske spørsmål skal vurderast i eit kjønnsperspektiv
- Ein skal kunne avdekkje om verksemda oppfyller lovkrav, peike på problem og ta opp problemstillingar som bør visast merksemd
- Ein skal kunne gir råd som kan fremje likestilling.

Det skal i denne samanhagen leggest fram:

- Ei systematisk framstilling av tilhøva som er relevante for å vurdere graden av likestilling mellom kvinner og menn
- Ei opplysning om igangsette og planlagde tiltak

Til dette kravet kan nemnast:

- I talet årsverk er fordelinga mellom kvinner og menn slik at stordelen av deltidsstillingar fell på kvinner.
- Det er tre kvinner av sju årsverk i toppleiinga.
- På einingsleiarnivå er det 7 menn og 5 kvinner
- På lågare nivå (konsulent og sekretær) er det stor overvekt av kvinner

- Lønnsmessig er det varierende skilnad på kvinner og menn innan dei respektive nivåa. På nokre nivå har kvinner i gjennomsnitt høgare løn enn menn, mens det for andre grupper er motsatt. Lønnskilnaden mellom kvinner og menn er blitt lågare det siste året.
- Ein opplever også i kommunen at det tradisjonelle kjønnsrollemønsteret går att:
 - Kvinner er overrepresenterte innan dei fleste tenesteområda i kommunen.
 - Menn er overrepresenterte i tekniske stillingar.

Fordelinga mellom kvinner og menn tilsett i Skodje kommune kan målast på ulike måtar. Tek ein berre omsyn til fast tilsette arbeidstakarar og reknar om til årsverk er 81 % kvinner og 19 % menn. Dette er ei utjamning på 1 prosentpoeng sidan året før.

Ved rekruttering til stillingar opplever ein også ei tradisjonell søking. Kommunen har ikkje, under elles like tilhøve, valt kvinner ut frå eit likestillingsmessig omsyn.

Frå arbeidsgivarhald har ein prøvd å oppfylle likestillingsmessige omsyn så langt ein rår over dette. Når det gjeld lønn har ein prøvd å tilby like lønn for kvinner og menn på likt nivå.

Kommunen har ikkje i år 2018 sett i verk tiltak som ikkje var sett i verk i 2017.

Ein kan likevel nemne at ein har fokus på utviding av deltidstillingar.


Kommunen har eit avvikssystem og system for varsling.

Tilhøve som er viktige for å vurdere den økonomiske stillinga:

Netto driftsresultat dei seinare åra:

År	Netto driftsresultat	
	Målt i kroner	Målt i %*
2010	6 366 093	2,6 %
2011	-6 576 228	-2,5 %
2012	3 171 599	1,1 %
2013	7 981 867	2,6 %
2014	-4 717 746	-1,5 %
2015	6 539 251	1,9 %
2016	12 296 418	3,4 %
2017	13 970 155	3,7 %
2018	11 747 722	3,0 %

* I prosent av brutto driftsinntekter



Ofte når det er tale om over- eller underskot i ei verksemd som fører rekneskapen etter Norsk Standard, talar ein om ordinært resultat.

Omgrepet Netto driftsresultat er det resultatomgrepet etter kommunal rekneskapsstandard som ligg nærast opp til Ordinært resultat (Over-/underskot) i ei verksemd som fører rekneskapen i samsvar med Norsk Standard (Resultatorientert rekneskap).

TBU (Teknisk berekningsutval for kommunal økonomi) har rekna ut at ettersom alt kapitalslit ikkje vert ført som utgift i eit finansielt orientert rekneskap, treng kommunane over tid eit netto driftsresultat på 1,75 prosent av driftsinntektene. For år 2018 utgjorde netto driftsresultat 3,0 prosent av driftsinntektene.

Akkumulert under-/overskot:

Skodje kommune har ikkje akkumulert underskot ved årsslutt 2018. Rekneskapsmessig mindreforbruk for 2018 er kr 10 590 099. I 2017 var det rekneskapsmessige mindreforbruket på kr 1 0143 615. Kommunestyret vedtok våren 2018 å overføre mindreforbruket frå 2017 til disposisjonsfondet og kursutjamningsfondet.

Den økonomiske situasjonen i Skodje kommune:

2018 vart eit godt år sett med økonomiske auge. Drifta i einingane vart i sum 2,4 millionar kroner lågare enn budsjettet. Hovudforklaringa på mindreforbruket er lågare pensjonskostnader enn budsjettet.

Dei frie inntektene vart 3,7 millionar kroner høgare enn budsjettet. Hovudforklaringa på det positive avviket skuldast 4,3 millionar kroner høgare inntektsutjamning enn budsjettet. Samstundes vart skatteinngagen om lag 1,5 millionar kroner lågare enn budsjettet. Direkte skatteinntekter målt pr. innbyggjar var for Skodje på 81,4 % av landsgjennomsnittet. Mot slutten av året fekk kommunen også overført integreringstilskot som det ikkje var budsjettet med, slik at samle integreringstilskot vart 1,4 millionar kroner høgare enn budsjettet.

Også finanspostane vart om lag 0,4 millionar kroner betre enn budsjettet. Dette heng i hovudsak saman med at rentekurva har falle noko sidan budsjettet for 2018 vart lagt, slik lånerentene har halde seg lågare enn budsjettet. Samstundes har god avkastning på overskotslikviditet bidratt positivt.

Skodje kommunestyre har vedteke finansielle mål for kommunen. Netto driftsresultat skal vere minimum 2 %, korrigert netto lånegjeld skal på sikt ikkje overstige 75 % av brutto driftsinntekter, og disposisjonsfondet skal vere minimum 6 % av brutto driftsinntekter. I tillegg er det vedteke at investeringar som hovudregel skal ha ein grad av eigenfinansiering.

Status i høve til måltala var pr. 31.12.2018 som følgjer:

Måltal	Status pr. 31.12.18	Mål
Netto driftsresultat	3,0 %	2,0 %
Netto korrigert gjeld	86,6 %	< 75 %
Disposisjonsfond	10,2 %	> 6 %
Eigenfinansiering av investeringar	Ca. 17 %	> 0 %

Den samla økonomiske situasjonen ved inngangen til 2019 vert vurdert som god.

Premieavvikets innverknig på likviditeten:

Akkumulert premieavvik som enno ikkje er belasta driftsrekneskapen legg eit visst press på likviditeten. Utviklinga har vore positiv over dei siste åra fram til 2017. I 2018 auka det akkumulerte premieavviket med om lag 5,5 millionar kroner. Dette er utgifter som vert belasta rekneskapen over dei neste sju åra.

År	Fondsmidlar	Akkumulert premieavvik inkl. aga*	Akkumulert underskot	Sum fond, premieavvik og akk. underskot
2010	81 101 970	-13 880 494	0	67 221 476
2011	61 981 390	-17 595 820	-6 348 378	38 037 192
2012	63 132 961	-18 183 552	-6 345 378	38 604 031
2013	58 051 921	-25 832 536	0	32 219 385
2014	44 633 502	-20 297 685	0	24 335 817
2015	61 711 750	-18 508 008	0	43 203 742
2016	80 297 498	-15 282 354	0	65 015 144
2017	88 080 240	-12 773 329	0	75 306 911
2018	85 717 774	-18 260 835	0	67 456 939


* AGA = Arbeidsgivaravgift

Utvikling i lånegjeld i høve driftsinntekter:

År	Netto korrigert lånegjeld*	Brutto driftsinntekter	Gjeldsgrad
2010	167 199 616	240 521 894	69,5 %
2011	175 564 449	262 460 781	66,9 %
2012	218 839 760	284 659 165	76,9 %
2013	248 688 019	308 891 532	80,5 %
2014	270 331 783	312 118 765	86,6 %
2015	274 396 399	339 016 502	80,9 %
2016	276 713 810	358 814 978	77,1 %
2017	287 362 787	374 782 875	76,7 %
2018	337 436 153	389 824 890	86,6 %

* Netto korrigert lånegjeld er langsiktig gjeld med fråtrekk av pensjonsforpliktelsar,

utlån, ubrukne lånemiddel og ubundne investeringsfond (korrigert for evt. netto udekkja i investeringsrekneskapen).




Skodje kommune har eit mål om at gjeldsgraden, målt ved korrigert lånegjeld i høve til brutto driftsinntekt, ikkje skal vere høgare enn 75 %. Etter investeringar på over 90 millionar kroner i 2018, der 67 millionar kroner er finansiert ved bruk av lånemiddel, ser ein at gjeldsgraden auka kraftig i 2018.

Disposisjonsfond:

Skodje kommune har mål om at disposisjonsfondet skal utgjere minimum 6 % av driftsinntektene til kommunen. Etter å ha hatt ein jamn nedgang i åra fram mot 2014, har utviklinga vore positiv fram til 2017. I 2018 var bruken av disposisjonsfondet større enn det som vart avsett til fondet, slik at ein fekk ein liten reduksjon i storleiken på fondet. Merk at kommunestyret skal ta stilling til korleis årets rekneskapsmessige mindreforbruk på 10,6 mill. kr skal disponerast. Tidlegare år er dette normalt blitt overført til disposisjonsfondet.

År	Disposisjonsfond	Brutto driftsinntekter	Disposisjonsfond i % av inntekter
2010	41 296 666	240 521 894	17,2 %
2011	37 415 666	262 460 781	14,3 %
2012	34 481 666	284 659 165	12,1 %
2013	27 229 017	308 891 532	8,8 %
2014	12 857 018	312 118 765	4,1 %
2015	29 218 826	339 016 502	8,6 %
2016	33 168 826	358 814 978	9,2 %
2017	39 796 483	374 782 875	10,6 %
2018	39 577 098	389 824 890	10,2 %



Utfordringar:

Det samla driftsnivået til kommunen er på eit forsvarleg nivå, og er tilpassa kommunens inntekter. Over fleire år er det bygd opp eit solid disposisjonsfond i kommunen, slik at ein har ein god buffer til å tåle omstillingar eller til å løfte større investeringsprosjekt. I økonomiplanen for perioden 2019 – 2022 er det vedteke fleire store investeringsprosjekt (om lag 216 millionar kroner + sjølvkostinvesteringar på 25 millionar kroner). Dette vil bidra til ein kraftig gjeldsauke, og vil legge sterkt press på kommunens økonomi i fleire år framover. For å kunne løfte dei vedtekte investeringane er det naudsynt å effektivisere drifta ytterlegare, noko som vert sett på som krevjande sidan kommunen alt har relativt effektiv drift innan dei fleste tenesteområda om ein samanlikar seg med andre kommunar i same kostragruppe.

Gjeldande økonomiplan fører til at ein vil bevege seg bort frå dei økonomiske måltall ein har sett for kommunen. Reserver i form av disposisjonsfond (39,6 mill. kr) og ubundne investeringsfond (33,7 mill. kr) gjer at kommunen har ein viss risikoevne. Dette, saman med at ein ventar effektiviseringsvinstar som eit resultat av etableringa av nye Ålesund kommune, meiner ein at kommunen skal kunne klare å løfte desse tunge investeringane.

Hendingar etter balansedagen med betinga utfall:

Ingen kjende per dato.

Vesentlege avvik mellom budsjett og rekneskap

Frå standarden for notar og årsmelding:

«Det skal redegjøres for vesentlige avvik mellom regnskapsført beløp og regulert budsjett for de enkelte linjene i regnskapsskjema 1A og B og 2A og B».

Standarden er ny – Frå 18. januar 2018. Rådmannens årsrapport omtalar dei vesentlegaste avvika. Meir utførelse omtalar vert lagt fram i samband med framlegg kommunens årsmelding.

II. REKNESKAPSKJEMA 1A – DRIFT

Regnskapsskjema 1A - drift	Rekneskap 2018	Reg.budsjett 2018	Oppr.budsjett 2018	Rekneskap i fjor 2017
Skatt på inntekt og formue	116 890 751	118 440 000	118 440 000	114 146 397
Ordinært rammetilskot	144 968 654	142 084 000	140 132 000	143 190 978
Skatt på eigedom	8 655 267	8 680 000	8 680 000	8 292 217
Andre direkte eller indirekte skattar	-	-	-	-
Andre generelle statstilskudd	24 211 823	21 775 000	24 275 000	23 071 594
Sum frie disponible inntekter	294 726 495	290 979 000	291 527 000	288 701 185
Renteinntekter og utbyte	4 600 170	4 160 000	3 460 000	4 874 804
Gevinst finansielle instrumenter (omløpsmidlar)	-	-	-	-
Renteutg.,provisjonar og andre fin.utg.	7 502 084	8 000 000	8 000 000	7 034 232
Tap finansielle instrument (omløpsmidlar)	215 454	-	-	19 985
Avdrag på lån	13 300 598	13 000 000	12 000 000	13 016 138
Netto finansinnt./utg.	- 16 417 966	- 16 840 000	- 16 540 000	- 15 195 550
Til dekning av tidlegare regnsk.m. meirforbruk	-	-	-	-
Til ubundne avsetningar	12 780 615	12 780 615	-	8 927 657
Til bundne avsetningar	1 240 578	-	-	3 014 184
Bruk av tidligere regnsk.m. mindreforbruk	10 143 615	10 143 615	-	8 927 657
Bruk av ubundne avsetningar	-	-	-	2 300 000
Bruk av bundne avsetningar	2 719 954	100 000	100 000	4 026 643
Netto avsetningar	- 1 157 623	- 2 537 000	100 000	3 312 459
Overført til investeringsrekneskapet	-	-	-	7 139 000
Til fordeling drift	277 150 906	271 602 000	275 087 000	269 679 094
Sum fordelt til drift (frå skjema 1B)	266 560 807	271 602 000	275 087 000	259 535 479
Rekneskapsmessig mindre forbruk	10 590 099	-	-	10 143 615

Kommentarar:

Frie disponible inntekter:

Dei frie inntektene vart 3,7 millionar kroner høgare enn budsjettet. Hovudforklaringa på det positive avviket skuldast 4,3 millionar kroner høgare inntektsutjamning enn budsjettet. Samstundes vart

skatteinngagen om lag 1,5 millionar kroner lågare enn budsjettet. Direkte skatteinntekter målt pr. innbyggjar var for Skodje på 81,4 % av landsgjennomsnittet. Mot slutten av året fekk kommunen også overført integreringstilskot som det ikkje var budsjettet med, slik at samle integreringstilskot vart 1,4 millionar kroner høgare enn budsjettet.

Skodje kommunestyre har vedteke finansielle mål for kommunen. Netto driftsresultat skal vere minimum 2 %, korrigert netto lånegjeld skal på sikt ikkje overstige 75 % av brutto driftsinntekter, og disposisjonsfondet skal vere minimum 6 % av brutto driftsinntekter. I tillegg er det vedteke at investeringar som hovudregel skal ha ein grad av eigenfinansiering.

Finanspostar:

Også finanspostane vart om lag 0,4 millionar kroner betre enn budsjettet. Dette heng i hovudsak saman med at rentekurva har falle noko sidan budsjettet for 2018 vart lagt, slik lånerentene har halde seg lågare enn budsjettet. Samstundes har god avkastning på overskotslikviditet bidratt positivt.

Netto avsettingar:

Det er avsett 1,2 mill. kr meir enn budsjettet til bundne avsettingar, medan det er brukt 2,6 mill. kr meir enn budsjettet av bundne avsettingar. Postane skriv seg frå mottak og bruk av øyremerka tilskot.

III. REKNESKAPSSKJEMA 1B – DRIFT I EININGANE

Rekneskapskjemane ma 1B - drift	Rekneskap	Budsjett	Budsjett	Rekneskap
	2018	2018	2018	2017
Politisk styring	3 286 798	3 937 000	3 937 000	3 915 475
Administrasjons sjefen (Rådmanne n)	4 455 287	5 283 226	5 283 226	3 931 699
Sentraladministrasjon	3 850 882	3 407 274	3 040 274	7 488 842
Økonomiavdeling	3 502 394	4 023 500	4 023 500	-
Sum sentral leiing og politisk styring	15 095 361	16 651 000	16 284 000	15 336 016
IT Drift	3 236 917	3 200 000	3 200 000	3 110 090
Prosjekt	2 168 949	- 1 800 000	- 1 800 000	- 1 893 678
Sum fellesfunksjonar	5 405 866	1 400 000	1 400 000	1 216 412
Kultur	2 792 321	2 789 440	2 789 440	2 351 750
Felles utgifter barnehage	11 218 056	11 120 200	11 120 200	10 940 575
Felles utgifter grunnskule	9 827 328	8 826 000	5 826 435	7 599 234
Skodje ungdomsskule	15 587 379	16 066 000	15 918 160	14 505 212
Skodje barneskule	22 752 471	22 904 000	22 475 358	21 802 099
Stette skule	-	-	-	1050
Valle skule	11 229 666	11 945 548	9 945 548	10 269 518
Skodje kommunale barnehage	7 670 441	7 964 000	8 061 000	7 565 725
Stette barnehage	4 746 512	4 905 602	4 905 602	4 722 585
Valle barnehage	6 124 599	6 163 500	6 163 500	5 437 834
Pres temarka barnehage	11 052 006	11 757 600	11 757 600	10 452 882
Sum oppvekst og kultur	103 000 779	104 441 890	98 962 843	95 646 364
Helsesenter	11 578 810	12 237 555	12 237 555	10 611 595
Heimebasert omsorg HBO	19 633 871	20 993 202	20 993 202	19 810 064
Skodje sjukeheim SOMS	23 630 802	22 474 343	26 274 343	25 602 033
Pres temarka Dagse nter	11 301 873	9 548 959	8 348 959	11 321 812
Butilbod Funksjonshemma	26 615 590	27 897 720	27 243 767	26 302 139
Koordinerande eining	5 313 615	5 436 205	5 836 205	5 477 729
Eining for integrering og kvalifisering	8 795 943	10 100 000	12 500 000	11 614 330
Sum helse og omsorg	106 870 504	108 687 984	113 434 031	110 739 702
Fordelte utgifter eige domsdrift	10 288 421	10 115 620	10 115 620	9 070 734
Kommunal teknisk drift	8 975 848	9 089 380	7 089 380	8 321 742
Renovasjon	- 16 353	-	-	32 140
Slam	-	-	-	2 994
Sum tekniske tenester	19 247 916	19 205 000	17 205 000	17 427 610
Storfjorden barnevern - Skodje kommune	8 868 080	9 800 000	10 700 000	10 447 381
Nav Storfjorden - Skodje	4 506 501	4 835 000	4 835 000	4 942 654
PPT	2 570 641	2 892 000	2 892 000	2 440 452
Religiøse formål	2 290 992	2 291 126	1 991 126	1 954 000
Landbrukskontor	469 879	548 000	548 000	526 041
Sum interkommunale tenester	18 706 093	20 366 126	20 966 126	20 310 528
Sum alle einingar	268 326 519	270 752 000	268 252 000	260 676 632
Matkonto avskrivning Kostra	- 2 336 641			2 098 994
Korreksjonsføring*	570 929	850 000	6 835 000	957 841
Sum fordelt til drift	266 560 807	271 602 000	275 087 000	259 535 479

Kommentarar:

Samla syner einingsrekneskapane eit mindreforbruk på 2,4 mill. kr. Hovudforklaringa på dette er lågare rekneskapsmessige pensjonskostnader enn føresett i budsjettet.

Sentralleriing og politisk styring:

Samanlikna med 2017 er det samla forbruket her 0,2 mill. kr lågare i 2018. Sidan 2016 er forbruket redusert med om lag 0,8 mill. kr. Mindreforbruket i høve til budsjett er på 1,6 mill. kr. Hovudforklaringa ligg i færre tilsette og tilhøyrande reduserte lønnskostnader på området.

Fellesfunksjonar:

Til desse tenesteområda høyrer «IT drift» og «prosjekt». Innan ansvaret prosjekt vert det bokført utgifter og refusjonar som ikkje naturleg høyrer heime andre stadar. Resultatet er prega av omklassifisering av investeringsutgifter til driftsutgifter som er ført her. Samla meirforbruk innan fellesfunksjonar er 4 mill. kr.

Oppvekst og kultur:

Innan desse tenesteområda er det eit samla mindreforbruk på 1,4 millionar kroner. Barnehagane står samla for 1,2 millionar kroner av dette.

Ungdomsskulen hadde eit mindreforbruk på om lag 0,5 millionar kroner, medan barneskulen hadde eit samla mindreforbruk på 0,9 millionar kroner. Innanfor felles grunnskule var det eit meirforbruk på 1 million kroner. Det store meirforbruket skuldast utgifter til spesialundervisning ved privatskulane, samt auke i kostnader knytt til skuleskyss. Mindreforbruket innan sektoren skriv seg i stor grad frå lågare pensjonsutgifter enn budsjettet.

Helse og omsorg:

Samla mindreforbruk innan desse tenesteområda på 1,8 millionar kroner. Det er særleg utgifter til drift av helsesenteret, heimebasert omsorg og eining for integrering og kvalifisering (EIK) som har vorte lågare enn budsjettet. For helsesektoren er det fleire høve som har verka inn på resultatet, mellom anna vakansar og god kostnadskontroll. Mindreforbruket i EIK skuldast fleire høve, mellom anna at forseinka mottak av flyktningar og lågare utgifter til integreringsstønad.

Tekniske tenester:

Innanfor om rådet tekniske tenester drifta ein om lag som budsjettet.

Interkommunale tenester:

Innan dei interkommunale områda er det eit samla mindreforbruk på 1,7 millionar kroner. Brorparten av mindreforbruket skriv seg frå barnevernet, der kostnadane naturleg varierer frå år til år. Også NAV og PPT drifta markert lågare enn budsjettet.

Investeringar:

Rekneskapskjema 2 A

Rekneskapskjema 2A - investering	Rekneskap 2018	Reg. budsjett 2018	Oppr.budsjett 2018	Rekneskap i fjor 2017
Investeringar i anleggsmiddel	91 675 089	114 000 000	113 384 000	34 722 115
Utlån og forskutteringar	3 804 718	6 000 000	6 000 000	10 021 546
Kjøp av aksjar og andelar	938 428	-	-	1 056 824
Avdrag på lån	2 269 986	-	2 000 000	2 095 940
Dekning av tidligare års udekka	-	-	-	-
Avsetningar	966 485	966 485	-	3 323 216
Årets finansieringsbehov	99 654 706	120 966 485	121 384 000	51 219 641
Finansiert slik:				
Bruk av lånemiddel	66 975 606	84 250 000	79 547 000	31 883 719
Inntekter frå sal av anleggsmiddel	49 530	-	-	966 485
Tilskot til investeringar	-	-	-	1 928 103
Kompensasjon for meirverdiavgift	15 504 201	19 550 000	19 652 000	3 693 992
Mottekne avdrag på utlån og refusjonar	1 578 225	3 200 000	3 200 000	3 862 841
Andre inntekter	-	-	-	-
Sum eksternt finansiering	84 107 562	107 000 000	102 399 000	42 335 139
Overført frå driftsrekneskapet	-	-	5 985 000	7 139 000
Bruk av tidlegare års udisponert	966 485	966 485	-	1 556 316
Bruk av avsetningar	14 630 189	13 000 000	13 000 000	1 155 672
Sum finansiering	99 704 236	120 966 485	121 384 000	52 186 126
Udekka/udisponert	49 530	-	-	966 485

Investeringar i anleggsmiddel vart 22,3 mill. kr lågare enn budsjettet for 2018. Avviket skuldast i hovudsak at nokre investeringsutgifter først vil komme i 2019 som følgje av forskyvning av oppstartstidspunkt. Den heilt klart største investeringa i 2018 var omsorgsbustader, der det er investert 63,3 millionar kroner i 2018. I budsjettet for 2018 var det også avsett 10 millionar kroner til Skodje barneskule. Her er det nytta kun 1,4 millionar kroner. Det er venta at desse utgiftene vil komme først i 2019.

Samla finansieringsbehov i 2018 vart på 99,7 millionar kroner. Storparten av investeringane er finansierte med bruk av lånemiddel (67 %), og bruk av disposisjonsfond (13 %). Årets låneopptak var 70 mill. kr.

Rekneskapsskjema 2 B

Rekneskapsskjema 2B - investering			Rekneskap	Buds(end)	Budsjett	Rekneskap
			2018	2018	2018	2017
Prosjekt	1000	Investeringer IT	1 194 890	4 375 000	4 375 000	2 119 576
Prosjekt	1021	Pasientvarslingsanlegg SOMS	3 440 887	-	-	563 380
Prosjekt	1022	Kyrkjestove	250 000	-	-	-
Prosjekt	1023	Skodje kyrkje - forprosjekt	-	250 000	-	-
Prosjekt	1266	Omsorgsbustader Runnane - forprosjekt	-	-	-	1 973 850
Prosjekt	1268	Enøk omsorgssenter	441 678	3 250 000	3 250 000	-
Prosjekt	1271	Enøk Valle skule	-	500 000	500 000	-
Prosjekt	1273	Kjøp av flyktningebustader	-	-	-	4 145 043
Prosjekt	1274	Skodje barneskule	-	-	-	8 690 618
Prosjekt	1276	Forprosjekt utbygging av skular/skuleområde	50 469	-	-	157 531
Prosjekt	1277	Runnane omsorgsbustadar - byggjekostnader	63 338 417	69 875 000	70 000 000	-
Prosjekt	1278	Uteområde barnehagane	191 884	1 875 000	1 875 000	-
Prosjekt	1279	Skodje ungdomsskule utbygging forprosjekt	532 028	-	-	-
Prosjekt	1280	Skodje barneskule tilbygg	1 417 539	10 000 000	10 000 000	-
Prosjekt	1281	Kommunale bustadar	-	2 000 000	2 000 000	-
Prosjekt	1282	Nytt trafikksystem sentrumskulane	383 654	1 000 000	1 000 000	-
Prosjekt	1283	Uteområde ungdomsskulen	1 416 730	1 600 000	1 600 000	-
Prosjekt	1284	Ungdomslokale Skodje kjøpesenter (investering)	1 260 986	400 000	400 000	-
Prosjekt	1333	Tilrettelegging kommunale bygg	1 548 404	1 875 000	1 875 000	218 508
Prosjekt	1404	Dekkelegging	3 210 577	-	-	-
Prosjekt	1412	Kartverk	-	250 000	250 000	26 041
Prosjekt	1423	Ledlys	-	-	-	306 800
Prosjekt	1426	Hovudplan kommunale vegar	-	1 250 000	1 250 000	1 122 684
Prosjekt	1427	Ådalsvegen	-	-	-	5 097 690
Prosjekt	1429	Gangveg byggefelt Olmangjerdet-kyrkja	-	1 250 000	1 250 000	-
Prosjekt	1454	Hovudplan vassforsyning	51 255	-	-	99 430
Prosjekt	1472	RV Erstad	-	-	-	78 642
Prosjekt	1473	Krisevassforsyning	1 039 337	2 000 000	2 000 000	3 476 548
Prosjekt	1474	Vassforsyning Ådalsvegen	3 485	-	-	1 199 083
Prosjekt	1475	Storsætra Byggetrinn 2	9 315 365	7 500 000	7 500 000	4 206 869
Prosjekt	1476	Kum Fylling	-	-	-	381 854
Prosjekt	1477	Høgdebasseng Lia	2 438 037	3 000 000	3 000 000	-
Prosjekt	1478	Gang-sykelsti Grindvik	1	-	-	-
Prosjekt	1519	Avløp Ådalsvegen	-	625 000	625 000	857 968
Prosjekt	1760	Sal/kjøp av tomter/bustadareal	100 000	-	-	-
Prosjekt	3210	Sjukeheimen 1-6	49 469	-	-	-
Prosjekt	5263	Bygdebokprosjekt	-	1 125 000	634 000	-
Sum investert i anleggsmiddel			91 675 089	114 000 000	113 384 000	34 722 115

I samband med framlegging av endeleg årsrekneskap for 2018 vil det verte gjeve ein grundigare omtale av investeringsprosjekta og investeringsrekneskapen.

Skodje 31. desember 2018 / 22. mars 2019

Bente Glomset Vikhagen
Rådmann

Lars K. Fylling
Økonomisjef